

Informasjon til deg som har fått påvist *Candida auris*

Du får dette informasjonsskrivet fordi du har fått påvist *Candida auris* (*C. auris*). Her får du meir informasjon om kva *C. auris* er, og kva det har å seie for deg.

Kva er *Candida auris*?

Candida auris (blir forkorta *C. auris*) er ein gjærsopp som kan finnast spesielt på huda, og nokre gonger i nasen eller andre stader i kroppen. Den kan vere motstandsdyktig mot medisinar som blir brukt for å behandle soppinfeksjonar. Ein kan ha *C. auris* på huda eller andre stader på kroppen utan å vere sjuk eller ha plager. Dette blir då kalla å vere berar av *C. auris*. Du blir rekna som berar av *C. auris* også om denne først vart oppdaga ved ein infeksjon.

C. auris kan forårsake infeksjonar til dømes i magen eller blodbanen, men andre infeksjonar kan også oppstå. Berarskap og infeksjonar med *C. auris* blir først og fremst påviste hos pasientar med sjukdom, og sjeldnare hos friske personar.

Er det farleg å vere berar av *C. auris*?

Berarskap med *C. auris* som ikkje gir infeksjon er ikkje farleg i seg sjølv, og det er ikkje nødvendig med behandling fordi du er berar. Om du får ein infeksjon med *C. auris* kan likevel denne infeksjonen vere vanskelegare å behandle enn andre soppinfeksjonar.

Korleis smittar *C. auris*?

C. auris finst på huda og kan smitte via direkte kontakt med andre menneske. Den kan også overleve lenge på utstyr og overflater og smitte til andre via utstyr eller overflater som ikkje er tilstrekkeleg reingjorde.

Kva kan eg gjere for å redusere risikoen for å smitte andre?

- Vask hendene godt med såpe og vatn:
 - før du lagar eller et mat
 - etter toalettbesøk
 - etter kontakt med kroppsvæsker, til dømes etter å ha pussa nasen
 - når hendene er synleg skitne
 - før og etter besøk på sjukehus, sjukeheimar eller andre helsetenester
- Hald sår, rifter og væskande utslett reine, og dekk dei til med bandasje eller plaster.
- Ikkje del barberhøvel eller handkle med andre.
- Vask undertøy, handkle og sengetøy på 90°C viss tekstila toler det.
- Vask også handtak på dører, skap og andre flatar som ofte berørast, når du reingjer heime.

Kan eg gå i barnehagen, på skulen eller jobb om eg er berar av *C. auris*?

Barn som er berarar av *C. auris* kan gå i barnehagen eller på skulen og delta i fritidsaktivitetar og lek som vanleg.

Du kan gå på jobb som vanleg sjølv om du er berar av *C. auris*. Hugs å følgje råda for å redusere risiko for å smitte andre, som beskrive nedst på side 1.

Kven må eg informere om at eg er berar av *C. auris*?

Informere om at du er berar av *C. auris* når du får helsehjelp, til dømes når du er hos lege eller om du blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim. Opplysning om at du er berar av *C. auris* blir også registrert i pasientjournalen din. Dette hjelper helsepersonell med å førebyggje spreiding av smitte og velje rett type behandling om du får ein infeksjon.

Viss partnaren din eller andre du bur saman med treng helsehjelp, bør dei informere helsetenesta om at dei bur saman med ein person som er berar av *C. auris*.

Du treng ikkje å informere arbeidsgivar, kollegaer, venner, skule eller barnehage om at du er berar av *C. auris*.

Kva skjer om eg blir lagd inn på sjukehus eller sjukeheim?

Om du er berar av *C. auris* kan det vere nødvendig å gjere tiltak når du er innlagd på sjukehus eller sjukeheim for å redusere risiko for at mikroben blir spreidd til andre. Kva tiltak som er aktuelle avheng av situasjonen. Det kan til dømes vere:

- Eige rom og eige toalett.
- Helsepersonell bruker smittevernutstyr som hanskar, frakk og munnbind.
- Hyppigare reingjering av rom og utstyr.
- På sjukehus kan det vere nødvendig med isolasjon. Det betyr at du får beskjed om å halde deg på pasientrommet ditt og at du ikkje kan bruke fellesområde eller ha nær kontakt med andre pasientar.

Det kan også vere nødvendig med smitteverntiltak når du får helsehjelp utanfor sjukehus eller sjukeheim, til dømes frå heimesjukepleia.

Sjølv om det er behov for smitteverntiltak, har du rett til den same helsehjelpa som andre pasientar.

Kan eg bli kvitt *C. auris*?

Det finst inga behandling som kan gjere at du ikkje lengre er berar av *C. auris*. Hos nokon blir mikroben sannsynlegvis borte etter månader eller år. Det er likevel ikkje mogleg å ta prøve for å vita sikkert at du ikkje lengre er berar av *C. auris*. Kontrollprøver blir derfor vanlegvis ikkje tilrådde. Har du spørsmål om *C. auris*, kan du snakke med legen din.